Sp – nær folk

Nær folk i heile Seljord!

Me har tru på Seljord!

Kommunesamanslåing fører til sentralisering av arbeidsplassar, dårlegare tenester, meir byråkrati og dårlegare lokaldemokrati. Seljord Senterparti er garantisten for at Seljord skal halde fram som eiga kommune! Me meiner seljordingane sjølve best kan utvikle dei lokale tenestene i bygdene våre. Seljord Senterparti vil utvikle Seljord på lag med innbyggjarane samt samarbeide med dei andre kommunane om tenester der det er fornuftig!

– Skulane i Seljord og Flatdal har blitt forsømt. Senterpartiet vil ruste opp og vedlikehalde!

GODE TENESTER NÆR FOLK

Omsorg og oppvekst er dei viktigaste oppgåvene til kommunen.
Seljord Senterparti vil prioritere dette høgast i komande periode. Me vil auke talet på sjukeheimsplassar og ha gode heimetenester. Ungdomsskulen og Flatdal skule må rustast opp, og me vil ha tilbod om 3,4 eller 5 dagar i barnehage og SFO for å sikre valfridom for familiane. God pedagogtettleik i barnehage, skule og SFO er ei investering i framtida.

DET GODE LIV I SELJORD

Seljord Senterparti ynskjer levande, trygge og inkluderande lokalsamfunn.
Me vil auke tilskota til lokale lag og foreiningar og satse vidare på den gode kulturskulen vår. Biblioteket på Granvin må vidareutviklast som ein viktig møteplass i bygda. Me vil at kommunen skal samarbeide med dei ulike grendelaga og prioritere idrett, friluftsliv og folkehelse. Det kan bidra til å førebyggja problem innan rus og psykiatri. Seljord må ha god akuttberedskap og det må etablerast ein luftambulanse i Vest-Telemark. Bygda vår må ha lensmannskontor òg i framtida!

Bruk røysteretten - di stemme kan avgjere

– Senterpartiet er det praktiske og jordnære miljøpartiet. Me trur på vern gjennom berekraftig bruk!

SELJORD INN I FRAMTIDA

I Seljord går næringsutvikling, landbruk, reiseliv, kultur og handel hand i hand. Bygda har stolte landbrukstradisjonar og eit rikt kulturliv som kombinert med gründerånd, stå-på-vilje og "teft" har gjeve bygda ein unik posisjon og mange arbeidsplassar innan ulike bransjar. Me vil bidra til utvikling av eksisterande verksemder i Seljord og etablering av fleire kompetansearbeidsplassar. Me vil utvikle den sentrumsnære vassfronten med tanke på reiseliv og friluftsliv. God tilgang på varierte bustadar og tomter er viktig for å få folk til å bu i kommunen vår.

Senterpartiet tek ansvar for klima og miljø. Me vil ta vare på matjorda, produsere meir mat gjennom fleire dyr på beite og ha mindre kasting av mat. Me vil redusere attgroinga av kulturlandskapet og utnytte skogressursane betre. Me vil òg bidra til meir miljøvenlege festivalar.

– Eg vil vere ein ordførar for heile kommunen!

Fullstendig program og liste finn du på sp.no/seljord

/SeljordSp

Kandidatane våre

1

Beate Marie Dahl Eide, 1981

2

Olav Prestårhus, 1965

3

Helge Hellesø Lundgren, 1960

4

Marianne Vadder, 1979

5

Sondre Aasan, 1984

6

Eilev Eiesland Bjørge, 1978

7

Marita Byggstøyl Dyrland, 1978

8. Liv Grete Ekre, 1960
9. Anne Jamgrav Lauve, 1999
10. Terje Haugland, 1982
11. Elisabeth Nordgarden, 1980
12. Anne Gundersen, 1965
13. Håkon Høgetveit, 1997
14. Siv Maria Gjerlid, 1979
15. Sigbjørn Mæland, 1999
16. Jon Funner, 1944
17. Maria Groven, 1999
18. Vidar Olav Sudgarden, 1977
19. Irene Wik Aarbakk, 1968
20. Bjørn Arve Nordbø, 1975
21. Haldis Lien Hølland, 1956
22. Tarjei Mæland, 1987
23. Håkon Kasin Aase, 1998